

---

Vår referanse 2020/62681-2  
Dato 29.09.2020

---

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Fråsegn kulturminne til søknad om bygging av landbruksveg - gnr. 193, bnr. 2 - Mundal Øvre - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til brev datert 25.08.20 med søknad om bygging av landbruksveg på gnr. 193, bnr. 2 Øvre Mundal, Alver kommune. Seksjon for kulturarv har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med vegen. Det er ikkje opplyst i saka om lokale kulturminne. Vestland fylkeskommune har slik ingen avgjerande merknader i saka. Området er ikkje synfare, me ber slik om at ein under opparbeiding av vegen prøver å unngå inngrep, i eller skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeidet på funnstaden stansast til rette mynde har vurdert funnet.

Me ynskjer å informere tiltakshavar/grunneigar om at Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv også skal varslast om planlagt hogstarbeid for vurdering etter kulturminnelova. Varselet skal innehalde følgande informasjon:

- **Gnr - Bnr - kommune**
- **Kart over hogstområde og eventuelle planlagte driftsvegar, velteplassar, m.m.**
- **Info om eventuelt kjende kulturminneverdiar i området.**
- **Planlagt oppstartsdato**
- **Kontaktperson - e-post og organisasjonsnummer**

Med helsing

Karoline Hareide Breivik  
konstituert fagleiar

Sigrun Wølstad  
Seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

